

Odda (sentrum)

0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
 - 4.1. Lydverket ➤
 - a. Lydane ➤
 - b. Lydmønster ➤
 - 4.2. Bøyingsverket ➤
 - a. Substantiv ➤
 - b. Verb ➤
 - c. Adjektiv ➤
 - d. Pronomen ➤
5. Ord og uttrykk ➤
 - 5.1. Ordsamling ➤
 - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
7. Dialektprøvar ➤
8. Kjelder ➤

1. Kommune og bygder

- Kommune søraust i Hardanger
- Kommunenamnet er ei eldre dativform av *odde* 'spist nes, landtunge'.
- I 1964 vart Røldal innlemma i kommunen.
- Areal: 1 648 km²
- Innbyggjartal per 1.1.2005: 7 378
- Frå byrjinga av 1900-talet var det stor industriutbygging i Odda, Tyssedal og Skjeggedal. Det førte til stor tilstrøyming av arbeidarar frå ulike kantar av landet, og folketalet vart mangedobla.
- Sidan midten av 60-talet er talet på innbyggjarar gått ned. Det skuldast særleg redusert sysselsetting i industrien.
- Administrasjonssenter: Odda
- Andre tettstader: Skare og Tyssedal
- Grunnskular: Odda barneskule, Tyssedal barneskule, Skare barneskule, Odda ungdomsskule og Røldal barne- og ungdomsskule.
- Næringsvegar: Industri (jern- og metallindustri, kjemisk industri og verkstadsindustri), kraftproduksjon, turisme og handel.

2. Lytt på dialekten

➤L Klikk her og høyr på opptak frå Odda.

Tekst 1:

Vi har mange studieretningar på skulen. Vi har allmenne fag, idrettsfag, helse- og sosialfag, elektro, mekanisk, kjemi, prosess og byggfag. Mens søknaden og tilgangen på elevar, den har avtatt. Eg trur det har samanheng med, med minkande ungdomskull. Og og at Odda har jo hatt ein vanskeleg situasjon i dei seinare åra med at talet på arbeidsplassar, industriarbeidsplassar særleg, har minka så voldsomt. Så, så folketalet har gått ned. Men så derfor har vi no til neste år fått beskjed om at vi ikkje får kjemi-prosesslinja lenger. Og det er litt synd for det rekrutterer jo ferdig utdanna folk eller i alle fall klare for lærlingkontrakt i og jobb i industrien. Vi har cirka 70 tilsette med, med alt inklusive vaktmeistrar og kontorpersonale og, og sånt. Så det er svært mange kollegaer å forholde seg til.

Informant: Kvinne, fødd 1948.

Tekst 2:

- Driv du med nokon andre ting på fritida di?
- Ja, det er nå vinterhalvåret, så er det nå ski. Og da er det oppi Håradalen. Det er jo paradiso, det. Så det blir, store delar av vinterhalvåret går jo med til det, da. Ja, så er det nå, og eg går nå mye turar rundt omkring her i fjella, da. Så eg har vore på dei fleste toppane rundt omkring her, da, og kikka. Men, ja, og elles så er det nå, eg har halde på med litt golf og orientering og litt sånn forskjellig så det er...
- Aktiv med forskjellig.
- Ja, det er mye forskjellig. Det er, det blir, det blir nå litt tid til alt, da, til slutt.
- Er det golfmulegheiter her inne?
- Ja, det er rusta opp ein gammal industriplass her, så det er nå gammalt. Det er nå mye kjemikal i botn, men det går.
- Gjer nytten.
- Ja da, dei dekkjer det til med gras, så har det nå blitt, blitt ganske fint. Det er jo, kan ikkje sjå at det har vore sånn, at det har vore anleggsområde der før, men nei, det er blitt veldig fint. Det er ein seksholsbane.

Informant: Mann, fødd 1987.

3. Nokre særdrag

Informasjon om lydskriftssystemet. ➤T[eigen art.]

Dialekten her har mange av dei vanlege sørvestlandske ➤T[eigen art.]K og hardangerske ➤T[eigen art.] draga, dvs. at

- infinitivar ➤O endar på *-a* ➤T[eigen art.]K: *å leva, å kasta*
- svake hokjønnsord ➤O endar på *-a* i ubestemt form eintal ➤T[eigen art.]K: *ai jenta, ai flua*
- det er forskjell i bøyinga på svake ➤O og sterke hokjønnsord ➤O i bestemt form eintal (men ikkje i fleirtalsformene) ➤T[eigen art.]K:

<i>flua</i>	<i>fluo</i>	<i>fluer</i>	<i>fluene</i>
<i>myr</i>	<i>myra</i>	<i>myrer</i>	<i>myrene</i>
- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *vi* i fleirtal ➤T[eigen art.]K
- diftongane *ei* og *øy* blir uttalte *ai* og *ái*: *å aiga, ain flaip, å ráika, ai ráis* (å eiga, ein fleip, å røykja, ei røys)
- nektingsavdverbet er *ikkje*

4. Ein liten grammatikk

4. 1. Lydverket

a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, æ, ø, å, ai, au* og *ái*.

Konsonantane er dei vanlege vi kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse "tilleggskonsonantane":

k̥, som er ein *k* med *j*-lyd. Lyden blir uttalt med å løfta tunga mot bakre delen av ganen og pressa lufta forbi ei opning mellom tunga og ganen, slik at det oppstår ein høyrbar friksjon. Han svarar ofte til skrivemåten *kj* i nynorsk: *tenkja* 'tenkja'.

ŋ, som ofte svarar til skrivemåten *ng*. Han blir uttalt med å pressa bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar vi denne lyden for ein velar nasal.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Odda tonemmotsetning >O, dvs. at det finst ordpar der tonegangen >O er den einaste tydingsskiljande faktoren:

'faren (bestemt form eintal av *far*)
'faren (bestemt form eintal av *fare*)

b. Lydmønster

- I Odda har ein lyden *ŋ* utan at han treng å stå framfor ein *g* eller *k*. Mange andre stader på Vestlandet står denne lyden derimot framfor *g* eller *k*. Der heiter det for eksempel *oŋge*, mens ein i Odda seier *oŋŋe* ('unge').
- Etter *d*, *l*, *n*, *s* og *t* blir den trykklette stavinga *-en* uttalt som 'n, dvs. at vokalen fell ut og *n*-en åleine blir uttalt som ei staving. Det vil altså for eksempel heita *hest'n* og ikkje *hesten*.

4. 2. Bøyingsverket

a. Substantiv

Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønsteret i hankjønnsorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma >O (*oŋŋe*), mens andre ikkje gjer det (*arm*). Vi har difor plassert *e*-en i ein parentes.

1. *-(e)* *-en* *-ar* *-ane*

Det vil seia at *arm* og *oŋŋe* blir bøyde slik:

<i>arm</i>	<i>armen</i>	<i>armar</i>	<i>armane</i>	
<i>oŋŋe</i>	<i>oŋŋen</i>	<i>oŋŋar</i>	<i>oŋŋane</i>	'unge'

Ei gruppe hankjønnsord har *e* i fleirtalsendingane:

2. *-* *-en* *-er* *-ene*

Slik går for eksempel *jest* og *venn*, altså på denne måten:

<i>jest</i>	<i>jest'n</i>	<i>jester</i>	<i>jest'ne</i>	'gjest'
<i>venn</i>	<i>venn'n</i>	<i>venner</i>	<i>venn'ne</i>	

På grunn av at endinga *-en* i *jesten* står etter *-t*, blir ordet i bestemt form eintal uttalt *jest'n*, jf. Lydmønster ➤L. Det same ser vi i *venn'n*.

Det er få hankjønnsord som følgjer denne bøyingsklassen i Odda. Dei fleste substantiva av denne typen får i dag fleirtalsendingane *-ar* og *-ane*. Det heiter for eksempel *veggar* – *veggane* og *bekkar* – *bekrane*. Jf. Forskjellar ➤L.

Avvikande bøyning frå dette i hankjønn finn ein i:

<i>fot</i>	<i>fot'n</i>	<i>føtter</i>	<i>føtt'ne</i>
------------	--------------	---------------	----------------

Ein del ord som endar på dei trykklette stavingane *-ar* og *-el*, følgjer første bøyingsmønsteret, men dei får samandraging ➤O i fleirtal:

<i>hammar</i>	<i>hammaren</i>	<i>hamrar</i>	<i>hamrane</i>
<i>nøkkel</i>	<i>nøkkel'n</i>	<i>nøklar</i>	<i>nøklane</i>

Hokjønn

Dei fleste hokjønnsorda har desse bøyingsmønster:

3. – *-a* *-er* *-ene*

Dermed får orda *elv* og *bygd* slik bøyning:

<i>elv</i>	<i>elva</i>	<i>elver</i>	<i>elvene</i>
<i>bygd</i>	<i>bygda</i>	<i>bygder</i>	<i>bygd'ne</i>

4. –*a* –*o* –*er* –*ene*
dama *damo* *damer* *damene*
flua *fluo* *fluer* *fluene*

Nokre hokjønnsord følgjer eit anna mønster, som har vokalen *-a* i fleirtal:

5. – –*a* –*ar* –*ane*

Slik bøyning har f.eks. *kærrin* og *trenin*:

<i>kærrin</i>	<i>kærrina</i>	<i>kærringar</i>	<i>kærrinjane</i>
<i>trenin</i>	<i>trenina</i>	<i>treningar</i>	<i>treninjane</i>

Desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønster i hokjønn:

<i>bok</i>	<i>boka</i>	<i>bøker</i>	<i>bøkene</i>
<i>datter</i>	<i>datra</i>	<i>døtre</i>	<i>døtrene</i>

Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har desse bøyingsmønstera:

6. – –e – –ene/–a

Orda *år* og *hus* får dermed denne bøyinga:

<i>år</i>	<i>åre</i>	<i>år</i>	<i>åra</i>
<i>hus</i>	<i>huse</i>	<i>hus</i>	<i>hus'ne/husa</i>

7. –e –e –er –ene
 eple *eple* *epler* *epl'ne*

8. –a –a –er –ene
 auga *auga* *auger* *augene*
 jært *jært* *jærter* *jært'ne* 'hjarte'

b. Verb

Svake verb

Dei svake verba >O kan vi setja opp i fem klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kasta*-klassen:

–a –e –a –a

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>kasta</i>	<i>kaste</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
<i>takka</i>	<i>takke</i>	<i>takka</i>	<i>takka</i>

2. *døma*-klassen:

–a –e –te/–de –t/–d

Etter dette mønsteret bøyer ein altså slik:

<i>lysa</i>	<i>lyse</i>	<i>lyste</i>	<i>lyst</i>
<i>øva</i>	<i>øve</i>	<i>øvde</i>	<i>øvd</i>
<i>jaga</i>	<i>jage</i>	<i>jagde</i>	<i>jagd</i>

Dei fleste verba i denne klassen får endingane *-te* og *-t* i preteritum >O og i perfektum partisipp >O. Det gjeld verb der stammen >O endar på kort konsonant, på dei lange konsonantane *-ll*, *-mm*, *-nn*, *-ŋŋ* og *-pp*, og dessutan framandord på *-era*. Verb som *lysa*, *høra*, *drømme* og *studera* vil difor få endingane *-te* og *-t*. Nokre andre verb i denne klassen får endingane *-de* og *-d* i preteritum og i perfektum partisipp. Det gjeld for eksempel verb med stamme som endar på diftong >O, på den lange konsonanten *-gg*, eller på *-g* og *-v* med lang vokal eller diftong føre. Eksempel på slike verb er *nåia*, *bygga*, *øva*, *plaga*, *aiga* osv.

3. *greia*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-e</i>	<i>-dde</i>	<i>-dd</i>
-----------	-----------	-------------	------------

Altså:

<i>lya</i>	<i>lye</i>	<i>lydde</i>	<i>lydd</i>
<i>snøa</i>	<i>snøe</i>	<i>snødde</i>	<i>snødd</i>

Desse verba kan òg bøyast slik:

<i>lya</i>	<i>lye</i>	<i>lya</i>	<i>lya</i>
<i>snøa</i>	<i>snør</i>	<i>snøa</i>	<i>snøa</i>

Når verba i denne klasen får tillagt endingane *-dde* og *-dd*, blir altså vokalen framom kort. Typisk for verba som vert bøyde slik, er at dei har *d* eller vokal framom infinitivs-*a*-en: *snøa*, *lada*, *skada*.

4. *telja*-klassen:

<i>-a</i>	<i>-e</i>	(*) <i>-te</i>	(*) <i>-t</i>
-----------	-----------	----------------	---------------

Her set vi stjerne framom endingane i preteritum >O og perfektum partisipp >O, for det som først og fremst skil klassen frå *døma*-klassen, er at stammevokalen >O i verbet kan skifta:

<i>tella</i>	<i>telle</i>	<i>talte/telte</i>	<i>talt/telt</i>
<i>sella</i>	<i>selle</i>	<i>sålte/sålte/selte</i>	<i>sålt/sålt/selt</i>

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døma*-klassen ved at dei har ein annan tonegang >O; *telle* er uttalt med det vi kallar tonem 1, mens *lysa* i notid har tonem 2: *telle*, *lyse*. Her som i *døma*-klassen bruker ein *-te* i preteritum i dei fleste verba.

I oddamålet i dag er *j*-en i infinitiv ➤**O** fallen bort i alle verba i denne klassen. Vokalen på notidssteget har òg i stor mon trengt seg inn i preteritum ➤**O** og i perfektum partisipp ➤**O**.

5. *nå*-klassen:

– –*r* –*dde* –*dd*

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv ➤**O**, og altså –*r* i notid:

<i>nå</i>	<i>når</i>	<i>nådde</i>	<i>nådd</i>
<i>snu</i>	<i>snur</i>	<i>snudde</i>	<i>snudd</i>

Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake ➤**O** ved først og fremst å vera særprega av vokalskifte i stamma ➤**O** mellom bøyingsformene, som vi ser f.eks. i *drikka* – *drikke* – *drakk* – *drokke*. Her er skiftet altså *i* – *i* – *a* – *o*. Dessutan er det inga ending i preteritum ➤**O** (*drakk*), perfektum partisipp ➤**O** har oftast endinga –*e* (*drokke*), og i notid bruker ein tonem ➤**O** 1 (*drikke*) slik som i det svake verbet *telle*, jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller vi opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

1. klasse (*i* – *i* – *ai* – *e*):

<i>driva</i>	<i>drive</i>	<i>draiv</i>	<i>dreve</i>
<i>grina</i>	<i>grine</i>	<i>grain</i>	<i>grene</i>

2. klasse (*y* – *y* – *øy/au* – *ø/å*):

<i>frysa</i>	<i>fryse</i>	<i>frøys/fraus</i>	<i>frøse/fråse</i>
<i>flyta</i>	<i>flyte</i>	<i>flaut</i>	<i>fløte</i>

3. klasse (*i/e* – *i/e* – *a* – *o/e*):

<i>drikka</i>	<i>drikke</i>	<i>drakk</i>	<i>drokke</i>
<i>finna</i>	<i>finne</i>	<i>fant</i>	<i>fonne</i>
<i>brenna</i>	<i>brenne</i>	<i>brant</i>	<i>bronne/brent</i>
<i>brekka</i>	<i>brekke</i>	<i>brakk</i>	<i>brokke/brekt</i>

4. klasse (*æ* – *æ* – *a* – *å*):

<i>bæra</i>	<i>bære</i>	<i>bar</i>	<i>båre</i>
-------------	-------------	------------	-------------

<i>sjæra</i>	<i>sjære</i>	<i>skar</i>	<i>skåre</i>
--------------	--------------	-------------	--------------

Desse verba kan alternativt bøyast slik:

<i>bæra</i>	<i>bære</i>	<i>bærte</i>	<i>bært</i>
<i>sjæra</i>	<i>sjære</i>	<i>sjærte</i>	<i>sjært</i>

5. klasse (e – e – a – e):

<i>lesa</i>	<i>lese</i>	<i>las/leste</i>	<i>lest</i>
<i>drepa</i>	<i>drepe</i>	<i>drap/drepte</i>	<i>drept</i>

Dersom ein bruker formene med *–te* i preteritum ➤O (*leste*) og *–t* i perfektum partisipp ➤O (*lest*), kan ein seia at desse verba går etter 4. klasse svake verb (*telja*-klassen).

6. klasse (a – a/e – o – a):

<i>fara</i>	<i>fare/fere</i>	<i>for</i>	<i>fart</i>
<i>mala</i>	<i>male/mele</i>	<i>mol/malte</i>	<i>malt</i>

Nokre av dei sterke verba ➤O får bøyingar som minner noko om dei svake ➤O, f.eks.

<i>be</i>	<i>ber</i>	<i>ba/bedde</i>	<i>bedd/bett</i>
<i>je</i>	<i>jer</i>	<i>ga</i>	<i>jedd/jitt</i> eller:
<i>ji</i>	<i>jir</i>	<i>ga/jidde</i>	<i>jidd/jitt</i>
<i>stå</i>	<i>står</i>	<i>sto</i>	<i>stått</i>
<i>slå</i>	<i>slår</i>	<i>slo</i>	<i>slått</i>
<i>få</i>	<i>får</i>	<i>fekk/fikk</i>	<i>fått</i>

c. Adjektiv

Adjektiva har vi hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *–en* i oppslagsforma ➤O (f.eks. *skitten* og *open*), og 2) dei som ikkje gjer det (for eksempel *stor*). Adjektiva får bøying i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyingar:

- | | | | |
|----|--|--|---|
| 1) | <i>ain sjet'n bil</i>
<i>sjitne bilar</i> | <i>ai sjet'n sjorta</i>
<i>sjitne sjorter</i> | <i>ett sjet'nt hus</i>
<i>sjitne hus</i> |
| 2) | <i>ain stor gutt</i>
<i>store guttar</i> | <i>ai stor jenta</i>
<i>store jenter</i> | <i>ett stort hus</i>
<i>store hus</i> |

Dermed er bøyingsmønstera slik:

- | | | | |
|----|------------|------------|-------------|
| 1) | <i>–en</i> | <i>–en</i> | <i>–ent</i> |
|----|------------|------------|-------------|

- ne –ne –ne
- 2) – – –t
 –e –e –e

Dersom substantivet står i bestemt form, blir adjektivet bøygd slik:

- 1) *denn åpne bil'n* *denn åpna sjorto* *de åpna huse*
 di åpne bilane *di åpna sjort'ne* *di åpne hus'ne*
- 2) *denn store gutt'n* *denn stora jento* *de stora huse*
 di store guttane *di store jent'ne* *di store hus'ne*

Dermed er bøyingsmønstera slik:

- 1) –ne –na –na
 –ne –na –ne
- 2) –e –a –a
 –e –e –e

d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjønn	hokjønn	inkjekjønn			
subjektsform	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>de</i>	<i>vi</i>	<i>dåkke</i>	<i>di</i>
avhengig form	<i>meg</i>	<i>deg</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>de</i>	<i>åss</i>	<i>dåkke</i>	<i>di</i>

Dei peikande pronomena i Odda har denne bøyinga:

Eintal			Fleirtal
Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	
<i>denn</i>	<i>denn</i>	<i>de</i>	<i>di</i>
<i>denna</i>	<i>denna</i>	<i>detta</i>	<i>disse</i>

5. Ord og uttrykk

Nedfor finn du ei samling av ord og uttrykk frå det gamle bygdemålet i Odda kommune. Samlinga byggjer på:

Halldor O. Opedal 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. (Skrifter frå Norsk målførearkiv XV.) Oslo: Universitetsforlaget.

5. 1. Ordsamling

avgu (adjektiv) 'mykje': *Ska du ha tie kroner? Da va nuku avgu da.*

blimæle (inkjekjønning) 'smisking'

byrta (verb) 'orda, nemna, seia ifrå': *Du fær byrta da.*

dyv (inkjekjønning) 'age, tyngde': *Da fylgde dyv mæ dan gamle prest'n.*

grapsalæ (adverb) 'mykje': *Skojen veks'u grapsalæ no.*

hypo (adjektiv) 'furten'

namslæ (adjektiv) 'skremmande, farleg': *Elvæ æ namslæ i dag.*

ramlestakje (hankjønning) 'bråkmakar'

rutl (inkjekjønning) 'bråk, ståk': *Da va ait fæla rutl.*

sinne (inkjekjønning) 'gong': *Eg lyt'e no koma ait sinne.*

5. 2. Uttrykk

Hann la seg mæ hønsæ å rais mæ gris'n.

Jau, no vett'e dai høje i hodnæ.

Dai sat ikkje å nepte nevane, dai gamle.

Du svedl'u kje i munnen tao dann mat'n.

Hann va ait kapitel. ('pålitande')

6. Forskjellar

Omtale av talemålet i Tyssedal og Røldal finst i eigne skisser. Dersom ein ser vekk frå tyssedals- og røldalsmålet, finst det to variantar av oddamål. Det opphavlege talemålet i Odda kan vi kalla for bygdemålet. Det vart brukt frå Seljestad og Vintertun i sør til Lindvik og elva på Hovland i nord. Bygdemålet er framleis i bruk. I tillegg har det utvikla seg ein annan variant av dialekten som me kallar tettstadsmålet. Denne varianten byggjer på bygdemålet, men er ei forenkla utgåve.

Innafor og mellom desse to hovudvariantane finst det mykje variasjon. Talemålet er prega av aldersskilnader, sosiale skilnader og individuelle skilnader. I Odda sentrum bur det framleis personar som bruker det gamle bygdemålet, anten reint eller dei snakkar tettstadsmål med klare bygdemålstrekk. Òg mange av dei som er fødte etter krigen, bruker bygdemålet. Ein del av dei har eit talemål der bygdemålstrekka er dominerande, men der ein finn innslag av tettstadsmål. Dei kan for eksempel bruka *di* i staden for *dai* og *de* i staden for *da*. Dessutan bruker mange pronomena *vi* og *åss* heller enn *me* og *aoko*. Mellom dei aller yngste er det truleg få som snakkar bygdemålet.

Skissa ovafor byggjer stort sett på målet til tre ungdommar frå Odda sentrum. Vi skal sjå litt nærare på ein del punkt der det finst fleire variantar enn dei som er presenterte i grammatikkskissa elles.

Lydane ➤L

- Vokalane er dei same for alle med unnatak av at somme ikkje skil mellom *e* og *æ* som to ulike fonem. Dei vil ha uttalen *bera* og *sjera*, der andre seier *bæra* og *sjæra*.
- I bygdemålet har ein *ao* i ord som *skaol* og *sjao* ('skål' og 'sjå'), dvs. ord som har *å* i skriftmålet, og som hadde lang *a* (*á*) i gammalnorsk.
- Konsonantane er dei same i bygdemålet som i tettstadsmålet, men i tillegg har ein i bygdemålet lyden *ɟ*. Denne lyden blir uttalt med å pressa fremre delen av tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *g*, og så opna for lufta med ein liten "eksplosjon". Lyden svarar ofte til skrivemåten *gj* i nynorsk: *bygdja* 'byggja'. I bøyinga av ord vekslar *ɟ* ofte med *g*. Det blir kommentert nærare under punktet om substantivbøyinga nedafor.

Substantivbøyinga ➤L

- I tettstadsmålet er bøyingssystemet enklare enn i bygdemålet. Restar av eldre stammebøying er på veg ut. Nesten alle hankjønnsord får endingane *-ar* og *-ane*. Ein seier *grisar* – *grisane*, ikkje *griser* – *gris'na*. På same måte bøyer ein dei aller fleste hokjønnsord slik at dei får fleirtalsendingane *-er* og *-ene*. Ein seier for eksempel *dører* – *dørene*, ikkje *dørar* – *dørane*.
- Dei hankjønns- og hokjønnsorda som har *e* i fleirtalsendingane (for eksempel *bygd*), får i dag endinga *-ene* i bestemt form fleirtal i tettstadsmålet (*bygd'ne*). Bygdemålet har endinga *-ena* (*bygd'na*).
- I bestemt form eintal av hokjønnsord har bygdemålet endinga *-e*, og dei som bruker denne varianten, vil for eksempel seia *boke* og *bygde*, der andre har endinga *-a* og seier *boka* og *bygda*.

- I bygdemålet i Odda har ein **palatalisering**. Det vil seia at ord som *sekk* heiter *seljken* i bestemt form, *skog* heiter *skojen*, *segg* heiter *senje* og *plagg* heiter *pladde*. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir skifta ut med *kj*, mens *g* blir bytt ut med *g* etter kort vokal (jf. *plagg*) og med *j* etter lang vokal (jf. *skog*) og etter *n* (jf. *segg*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:
 - i eintal av hankjønnsord,
 - i fleirtal av hankjønnsord med *-er* og *-ena* som endingar i fleirtal,
 - i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på *-a* i oppslagsforma, og
 - i bestemt form eintal og bestemt form fleirtal av inkjekjønnsord.

Verbbøyinga ➤L

- Notidsendinga *-a/-ar* i *kasta*-klassen finst berre i bygdemålet. I tettstadsmålet er endinga *-e*.
- I bygdemålet finst det ein ekstra bøyingsklasse for svake verb ➤O i tillegg til dei som er nemnde ovafor. Denne klassen kan kallast *meina*-klassen eller *blanda bøying*. Verba som følgjer denne klassen, får desse endingane:

<i>-a</i>	<i>-ar</i>	<i>-te</i>	<i>-t</i>
<i>lika</i>	<i>likar</i>	<i>likte</i>	<i>likt</i>

Vi ser at dei liknar på *kasta*-klassen i notid og *døma*-klassen i preteritum ➤O og i perfektum partisipp ➤O.

- I tettstadsmålet har *j*-en i infinitiv ➤O falle bort i alle verba i *telja*-klassen. I bygdemålet er det dessutan vanlegare at vokalen i verbet skiftar:

<i>-a</i>	<i>-e</i>	<i>*-de</i>	<i>*-t</i>
<i>telja</i>	<i>tele</i>	<i>talde</i>	<i>talt</i>

- Dei sterke verba blir bøyde slik i bygdemålet i Odda:

1. klasse

(*i - i - ai - i*)

<i>driva</i>	<i>drive</i>	<u><i>draiv</i></u>	<u><i>drive</i></u>
<i>bita</i>	<i>bite</i>	<u><i>bait</i></u>	<u><i>bite</i></u>

2. klasse

(*o - y - au - å*)

<u><i>frjosa</i></u>	<i>fryse</i>	<i>fraus</i>	<u><i>fråse</i></u>
<u><i>fljota</i></u>	<i>flyte</i>	<i>flaut</i>	<u><i>flåte</i></u>

3. klasse

(i/e – i/e – a – u/å)

<i>finna</i>	<i>finne</i>	<i>fann</i>	<i>funne</i>
<i>brenna</i>	<i>brenne</i>	<i>brann</i>	<i>brånne</i>

4. klasse

(e – e – a – å)

<i>bera</i>	<i>bere</i>	<i>bar</i>	<i>båre</i>
-------------	-------------	------------	-------------

5. klasse

(e – e – a – e)

<i>lesa</i>	<i>lese</i>	<i>las</i>	<i>lese</i>
<i>drepa</i>	<i>drepe</i>	<i>drap</i>	<i>drepe</i>

6. klasse

(a – e – o – a/å)

<i>fara</i>	<i>fer</i>	<i>for</i>	<i>fare/fåre</i>
<i>mala</i>	<i>mele</i>	<i>mol</i>	<i>male</i>

Understrekingane markerer dei formene som kan vera annleis i tettstadsmålet samanlikna med bygdemålet.

- Nokre andre verb som blir bøygd litt annleis i bygdemålet enn i skissa ovafor, er desse:

<i>be</i>	<i>ber</i>	<i>ba</i>	<i>bee</i>
<i>je</i>	<i>jeve</i>	<i>gav</i>	<i>gåve</i>
<i>sta</i>	<i>stende</i>	<i>sto</i>	<i>stae/stee</i>
<i>slao</i>	<i>sler</i>	<i>slo</i>	<i>slaie</i>
<i>fao</i>	<i>fer</i>	<i>fekk</i>	<i>fenje</i>

Adjektivbøyinga ➤L

- I bygdemålet blir adjektiva bøygd slik:

<i>inn gamadle mann</i>	<i>i gånål kåna</i>	<i>itt gamalt hus</i>
<i>gamle menn</i>	<i>gamla kringar</i>	<i>gamle hus</i>

Det vil seia at bøyingsmønsteret er slik:

–e	–	–t
–e	–a	–e

Pronomenbøyinga ➤L

- I bygdemålet er dei personlege pronomena slik:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjønn	hokjønn	inkjekjønn			
subjektsform	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>da</i>	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>dai</i>
avhengig form	<i>meg</i>	<i>deg</i>	<i>hann</i>	<i>henne</i>	<i>da</i>	<i>aoko</i>	<i>deko</i>	<i>dai</i>

Understrekingane markerer dei formene som kan vera annleis i tettstadsmålet samanlikna med bygdemålet.

7. Dialektprøver

Slik kan to dialekttekstar sjå ut skrivne med lydskrift ➤T [eigen art]: ➤L [lydopptak]

Tekst 1:

Vi har mange studieretninga på skul'n. Vi har allenne fag, idrettsfag, helse- å sosialfag, elektro, mekanisk, kemi, prosess å byggfag. Mens søknaen å tillærning på elevar, denn har avtatt. E trur de har sammenheng me, me minnkane orndåmskull. Å åg atte Ådda har jo hatt enn vanskele situasjon i seinare årene me att talle på arbeidsplassa, industriarbeidsplassa særli, har minnka så vållsamt. Så, så fålketalle har gått ne. Menn så derrfår har vi no te neste år fått besje omm att vi ikkje får kemiprosesslinjo legre. Å de e litt synn får de rekrutere jo ferdi utdanna fålk elle ijallfall klar får lærlingekontrakt i åg jåbb i industrien. Vi har sirka søtti tesette me, me alt inklusive vaktmestra å kontorpersonale å, å sånt. Så de e svært mange kolega å fårhålle seg te.

Tekst 2:

- Driv du med nokon andre ting på fritida di?
- *Ja, de e nå vinterhalåre, så e de nå sji. Å da e de oppi Håradal'n. De e jo paradis, de. Så de blir, store dela a vinterhalåre går jo me te de, da. Ja, så e de nå, å e går jo mye tura runt omkring hær i fjella, då. Så eg har nå vært på*

di fleste tåppane runt omkriņņ hær, då, å kika. Menn, ja, å elles så e de nå, eg har hålt på me litt gålf å årienterij å litt sånn fårsjelli så de e...

- Aktiv med forskjellig.
- *Ja, de e mye fårsjelli. De e, de blir, de blir nå litt ti till alt, da, till slutt.*
- Er det golfmulegheiter her inne?
- *Ja, de e rusta opp ain gammal industriplass hær, så de e nå gammalt. De e nå mye kemikalia i bønn, men de går.*
- Gjer nytten.
- *Ja da, dai dekka de te me gras, så har de nå blitt, blitt ganske fint. De e jo, kann'ke se at de ha vært sånn, at de har vært annlegsområde dær før, men nai, de e blitt veldi fint. De e ain sekshålsbane.*

8. Kjelder med opplysningar om dialekten i Odda

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydnesplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ **T**[eigen art.] og om hardangermålet her ➤ **T**[eigen art.].

Eitrheim, Tormod 1972: Litt om dialekten i industrisentret Odda. *Språklig Samling* 1: 13-14.

Fenne, Hermund 1976: *Stadnamn i Oddadalen og tilgrensande fjellområde*. (Uprenta hovudoppgåve) Bergen: UiB.

Nielsen, Mentz Rynning 1958: *Noko om stadnamn i Odda*. Bergen.

Opedal, Halldor O. 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. (Skrifter frå Norsk målførearkiv XV.) Oslo: Universitetsforlaget.

Opedal, Halldor O. 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. (Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV.) Oslo: Universitetsforlaget.

Sandve, Bjørn Harald 1976: *Om talemålet i industristadene Odda og Tyssedal*.

Generasjonsskilnad og tilnærming mellom dei to målføra. (Uprenta hovudoppgåve) Bergen: UiB.

Sørлие, Mikjel 1959: Om Odda-målet i dag. *Maal og Minne* 1959: 55-66.

Vidsteen, Chr. 1885: *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: I Kommission hos Ed. B. Giertsen.

Lokal konsulent: Kristen D. Eitrheim